

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer

FØRETAK: Helse Førde HF

DATO: 08.12.2023

SAKSHANDSAMAR: Anne Kristin Kleiven, Vidar Vie

SAKA GJELD: Årleg melding 2023 for Helse Førde HF

ARKIVSAK: 2023/5880

STYRET:

Styret i Helse Førde HF

MØTEDATO:

19.12.2023

STYRESAK:

082/2023

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret godkjenner årleg melding 2023 for Helse Førde HF med dei merknader som er gjevne i møtet.

Oppsummering

Helse Førde leverer jamt over godt på oppdraga som er gitt i styringsdokumentet, men har utfordringar med å nå måla for fleire sentrale kvalitetsindikatorane. Den økonomiske situasjonen, lange ventetider og rekruttering innanfor nokre område, er krevjande.

Fakta

Årleg melding er ein rapport som viser korleis Helse Førde HF har følgt opp dei ulike punkta i styringsdokumentet frå Helse Vest RHF. Innhaldet tek føre seg dei helsefaglege, økonomiske og organisatoriske styringskrava.

Innanfor kvalitetsindikatorar som helsetenesteassosierde infeksjonar, diabetesbehandling, psykisk helsevern for vaksne leverer føretaket godt. Det same gjeld på svært mange av dei andre oppdraga i styringsdokumentet. Mellom anna er forsking og innovasjon er styrka, helsefellesskapet er etablert og avansert heimesjukehus for born og unge er etablert.

Ventetid for pasientar som har starta behandling i somatikken har vore for lang gjennom året. Det same gjeld ventetidene for born og unge i psykisk helsevern. Tal fristbrot har auka, brukarinvolveringa i psykisk helsevern og rus er ikkje god nok og informasjon til pasientar om ventetid er ikkje god nok.

Fleire avdelingar melder om at utfordrande rekrutteringssituasjonar påverkar drifta og evna til å nå måla i styringsdokumentet. Dette blir løfta som ein av dei største risikoane for føretaket framover og gjeld fleire grupper av personell.

Store delar av året har vore prega av arbeidet med å få kontroll på økonomien. Samtidig er det hektisk aktivitet for å få Livabygget ferdig til hausten 2024, og planlegge drifta i bygget. Investeringar er utsette og vil bli det dei komande åra. Driftsbudsjetta er svært stramme framover og noko som påverkar tilbod som har vore planlagt i tenesteutviklingsprosjekta.

Kommentarar

Styringsdokumentet inneheld dei viktigaste forventningane til helseføretaka og Helse Førde arbeider systematisk gjennom heile året for å innfri dei. Vi lukkast på mange område, men det er ei utfordring å ikkje lukkast på sentrale kvalitetsindikatorar.

Administrerande direktør vil peike på rekruttering og økonomisk balanse som to hovudområde det må fokuserast på framover. Behandlingsressursar vil sikre oss at vi kan hjelpe dei prioriterte pasientgruppene. Økonomisk balanse vil sikre nødvendig drift og investeringar for å nå måla vi er sette til å nå. Det blir arbeidd med tiltak på begge område, men vi har uløyste utfordringar føre oss. Også i komande år vil økonomisk resultat og mangel på personell føre til at vi ikkje når alle måla våre.

Trass i utfordringar blir det lagt ned eit imponerande arbeid av organisasjonen. Først og fremst gjennom den daglege drifta som sikrar at pasientane våre får den behandlinga dei skal ha. Men også gjennom eit omfattande teneste og organisasjons-utviklingsarbeid som famnar om store delar av drifta. Både for å handtere nye oppgåver som blir tildelt gjennom styringsdokumentet, og for å gjere organisasjonen klar til å ta i bruk nybygget LIVA hausten 2024.

Konklusjon

Årleg melding 2023 for Helse Førde HF gjev eit godt bilet av status i helseføretaket.

Vedlegg: Årleg melding 2023 for Helse Førde HF